



NY LEIAR: Marit Aakre Tenne frå Brattvåg er ny leiari Noregs Mållag. Ho legg vekt på at nynorsken står sterkt i mange delar av landet. FOTO: SVEIN NORDAL.

Nytenking om nynorsken

• Vil ha ny politikk med utgangspunkt i at nynorsk er eit mindretalsspråk.

SPRÅK

Likestilte målformer bør ikkje bety lik behandling.

Det meiner Marit Aakre Tenne, som sendag blei valt til ny leiari av Noregs Mållag.

– Vi treng ein politikk som tek utgangspunkt i at nynorsk er eit mindre bruk språk enn bokmål, seier Tenne.

Sjølv om nynorsk og bokmål er, og bør vere, likestilte målformer, bør dei ikkje handsamast på same måte, meiner ho.

– Nynorskelever treng til dømes meir tilrettelagt undervisning, seier Tenne.

Umedveten. Sjølv rekna ho seg

LANDSMØTET

- I helga vart det arrangert landsmøte i Noregs Mållag. Det gjekk føre seg i Ørsta.
- Marit Aakre Tenne blei vald til ny leiari. Ho er frå Brattvåg, men bur i Jostedal.
- Journalist Linda Eide blei tildelt Målprisen.
- Skogstad Sport AS frå Stryn fekk Nynorsk næringslivspris.
- Nynorsk litteraturpris gjekk til Lars Amund Vaage, medan Anna Rommetveit Folkestad fekk Nynorsk barnelitteraturpris.

– Det er aktiv dødshjelp å seie at nynorsken er i ferd med å døy

MARIT AAKRE TENNE

for å vere ein umedveten nynorskbrukar i oppveksten. Det var ikkje før ho blei student i Oslo Tenne oppdaga at nynorskbrukarane ikkje blei tekne på alvor. Då melde ho seg inn i Mållaget.

Som leiari ønskjer Tenne å fokusere på at det er nynorsk-kommunane som produserer nynorskbrukarar.

– Vi må tenke annleis om kjerneområda våre. Språkpolitikken må gjere nynorskelever medvitne om kva utfordringar som kjem til å møte dei som brukarar av eit mindre bruk språk, og styrke elevane si språklege sjølvkjensle.

Tenne vil bruke mykje av tida si framover på å jobbe med revideringa av norskfaget i skulen. Ikkje overraskande gjekk landsmøtet i helga inn for at ein framleis skal ha eigen karakter i sidemål på ungdomsskulen.

– Vi vil ha inn i ny læreplan at det er andre utfordringar knytt til det å lære nynorsk enn til det å lære bokmål. Då kan språkopplæringa bli betre, meiner Tenne.

Døyr ikkje. Sjølv om ho vil gje nynorsken høgare status som mindretalsspråk, har Tenne sett seg lei på at politikarar og andre heile tida seier at det blir færre nynorskbrukarar.

– I nokre delar av landet er språkskifte eit problem, men det finst òg ei anna sanning. For fleire stader står nynorsken svært sterkt. Her ser ein at også næringslivet tek i bruk nynorsk. Eit døme på det er Vartdal Plast, seier Tenne, og legg til:

– Det er aktiv dødshjelp å seie at nynorsken er i ferd med å døy, for det gjer den ikkje. Den lever i beste velgåande.

ELISABETH SOLVANG
elisabeth.solvang@smp.no